

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

**Møtestad:** Norsk Bremuseum, Fjærland

**Dato:** 04.12.2012

**Tidspunkt:** 10:00

## Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand kommune
Gunnvor A. Sunde	Medlem	Gloppen kommune
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster kommune
Ivar Kvalen	Leiar	Luster kommune
Sven Flo	Nestleiar	Stryn kommune
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	Sogn og Fjordane fylkeskommune

## Følgjande medlemmer meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Eline Orheim	MEDL	
Olve Grotle	MEDL	

## Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Laura Kvamme	Eline Orheim	Sogndal kommune

## Merknader

Laura Kvamme møtte med fullmakt i staden for Jarle Aarvoll som vara for Sogndal kommune.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Steinar Lund	Nasjonalparkforvaltar og sekretær for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn Jostedalsbreen

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet

\_\_\_\_\_

Saksliste Utvalls- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 37/12	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 38/12	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll frå førre møte		
ST 39/12	Orienteringar		
ST 40/12	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Stiltak i Brenndalen		2012/4386
ST 41/12	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Hydrologiske undersøkingar i Jostedalsbreen nasjonalpark		2011/4628
ST 42/12	Bruk av resten av tiltaksmidlane		
ST 43/12	Møteplan for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2013		
ST 44/12	Årsplan for nasjonalparkforvaltaren		
ST 45/12	Bestillingsdialog 2013		

## **ST 37/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.12.2012**

### **Vedtak**

Ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **ST 38/12 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll frå førre møte**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.12.2012**

### **Vedtak**

Einar Målsnes og Sven Flo blei valgt til å skrive under protokollen frå førre møte.

## **ST 39/12 Orienteringar**

### Fylkesmannen si tilråding til grensendring etter bygging av Kjøsnesfjorden Kraftverk

Vedlegg: Jostedalsbreen nasjonalpark - Fylkesmannen si tilråding til grensendring etter bygging av Kjøsnesfjorden Kraftverk

### Melding om igangsetjing av arbeidet med å revidere forvaltningsplanen for Nigardsbreen naturreservat

Vedlegg: Nigardsbreen naturreservat - melding om oppstart av arbeidet med å revidere forvaltningsplanen

### Oppsummering frå møte om Kamperhamrane

Vedlegg:

- Oppsummering frå møte om Kamperhamrane
- Lokalt møte om historisk DNT vandrerute – Rauddalen
- Prosjektskisse RA og DNT oktober 2012

### Årsrapport frå Skålastiprosjektet

Vedlegg:

- Rapport Skåla 2012

### Budsjett 2013

Vedlegg: Framlegg til budsjett sendt frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.12.2012**

#### **Vedtak**

#### Årsrapport frå Skålastiprosjektet

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre rosar arbeidet som er gjort med stilen til Skålatårnet dei siste åra.

Andre orienteringssaker  
Teke til etterretning.

Arkivsaksnr: 2012/4386-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 26.11.2012

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	40/12	04.12.2012

## **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Stiltak i Brenndalen**

### **Innstilling frå forvaltaren**

Løyve med heimel i verneforskrifta § IV, pkt. 1.3, tredje strekpunkt blir gitt på vilkår som går fram under til at:

- Tretrappene som er sett opp i Brenndalen kan bli ståande slik dei er i dag.

Vilkår:

- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kan vurdere om tretrappene skal fjernast når det ligg føre ein revidert forvaltningsplan som legg føringar for arealbruken i Brenndalen.

## **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.12.2012**

### **Vedtak**

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga frå forvaltaren.

## **Saksopplysningar**

### Dokument i saka

- Søknad frå Briksdal Breføring datert 22.10.2012
- Løyve til Olden Aktiv datert 26.6.2007
- Foto frå Anne Rudsengen

### Søknaden

Søknaden frå Briksdal Breføring gjeld oppføring av trapper på stien i Brenndalen. Stien er frå før tilrettelagt med tau festa med boltar. Taua som hang der før tiltaket blei sett i gang var gamle og slitte, og tryggleiken var ikkje god nok til at Briksdal Breføring kunne bruke stien til Brenndalsbreen. Briksdal Breføring sette difor opp trapper, stort sett i traseen til den allereie etablerte stien.

Brenndalen er ein sidedal til Oldedalen, og ein paralleldal til den meir kjente Briksdalsbreen. Inst i Brenndalen kjem Brenndalsbreen ned. Også denne brearmen har gått mykje tilbake dei siste åra. I 2007 søkte difor breførarfirmaet Olden Aktiv om å bygge bru over elva for å kome inn til breen. Samstundes søkte dei om å etablere eit gelender (tau) over dei bratte svaberga på veg opp til brua. Det blei gitt løyve til desse tiltaka, og seinare er det òg gitt eit løyve til å flytte brua i samband med oppattbygging. Utanom dette er det ikkje gitt løyve til andre tiltak i dette området. Nyleg er det bygd 11 trapper i impregnert tremateriale. Det er ulike lengde på trappene og dei er med og utan rekkverk. Trappene er fint laga til og gir eit solid inntrykk. Det er ikkje gjort nemneverdige endringar av vegetasjon/terreng. Ingen av trappene er festa med boltar utover at tidligare borreboltar er nytta for å sikre tre av trappene.

### Lovgrunnlag

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg. Forvaltningsstyresmaka kan når særelege grunnar ligg føre gi løyve til bygging av bruer og klopper, jf. verneforskrifta § IV, punkt 1.3, tredje strekpunkt.

### Søknaden blir vurdert etter

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark

## **Vurdering**

Brenndalen er ein sidedal til Oldedalen. Den skogklede dalen smalnar av oppover mot nakne berg det siste stykket mot Brenndalsbreen. I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er nedste del av Brenndalen definert som brukssone, medan den øvste deler er sone med urørt natur/sone utan tilrettelegging og inngrep. I brukssona kan ein del inngrep og tiltak tillatas. Det er ut frå naturvernomsyn ynskjeleg

å halde sona utan tilrettelegging og inngrep mest mogleg urørd og utan inngrep og tilrettelegging.

Det er ikkje ynskjeleg med slike tilretteleggingstiltak det her er søkt om i område som ligg i sone utan tilrettelegging i forvaltningsplanen. Det er også svært uheldig at det er sett i gang tiltak utan at det er søkt om på førehand.

I 2007 blei det gitt løyve til omlegging av stien og oppsetting av bru i Brenndalen. Med det er det lagt til rette for ferdsel. Dette heng saman med at Briksdalsbreen og andre brearmar har trekt seg kraftig tilbake dei siste åra, og det er etter kvart nye brearmar som eignar seg betre til breføring. Det er gått lang tid sidan forvaltningsplanen blei laga, og det er naturleg med ei ny vurdering av kva som bør vere bruksområde når forvaltningsplanen blir revidert.

Med løyvet frå 2007 om omlegging av stien og oppsetting av bru blei det lagt til rette for bruk av Brenndalen. Tiltaka som er gjort no er ei vidareføring av dette, og kan sjåast på som naudsynte for å drive breføring på Brenndalsbreen. Når forvaltningsplanen blir revidert vil brukssonene og sonene utan tilrettelegging og inngrep bli vurdert på nytt. Tiltaka det er søkt om er reversible, sidan det ikkje er bora i fjell. Det kan difor vere fornuftig å gi løyve til at tiltaka blir ståande slik dei er i dag, fram til bruksstatusen til Brenndalen er vurdert på nytt når forvaltningsplanen blir revidert.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Kunnskapen om naturmangfaldet er henta frå miljostatus.no og forvaltningsplanen for Jostedalbreen nasjonalpark. Det er ikkje registrert raudlista artar, viktige naturtypar eller andre funn som tyder på eit særskilt høgt eller verdifullt biologisk mangfald i Brenndalen. Tiltaka er reversible, og vil i seg sjølv ha liten effekt på naturmangfaldet. Trappene legg til rette for auka ferdsel i Brenndalen, som kan vere ein trussel mot naturmangfaldet og verneverdiane generelt. Det er ikkje kjend kor stor ferdsel er i Brenndalen i dag, og det er vanskelig å estimere kor stor ferdsel vil bli dei neste åra. Med utgangspunkt i at det ikkje er registrert særskild viktig naturmangfald vurderer nasjonalparkforvaltaren likevel at kunnskapen om naturmangfaldet og konsekvensane av dei planlagde tiltaka er i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8. Vidare vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaket og ferdsel det opnar for til ikkje på kort sikt å føre til ein for stor samla belastning på området, jf. naturmangfaldlova § 10. Med bakgrunn i kunnskapen om naturmangfaldet og effektane av tiltaket vurderer nasjonalparkforvaltaren også at føre-var-prinsippet får liten vekt i denne saka, jf. naturmangfaldlova § 9. Sidan trappene ikkje er bolta fast til fjell, og difor enkelt kan fjernast, og sidan plasseringa er vurdert til å vere fornuftig og lite problematisk i høve til verneføremålet, er det lite aktuelt å stille ytterlegare vilkår til eit eventuelt løyve, jf. naturmangfaldlova §§ 11 og 12.

Arkivsaksnr: 2011/4628-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 26.11.2012

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	41/12	04.12.2012

## **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Hydrologiske undersøkingar i Jostedalsbreen nasjonalpark**

### **Innstilling frå forvaltaren**

Løyve med heimel i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3, 3. strekpunkt, og naturmangfaldlova § 48, blir gitt for åra 2013-2015 på vilkår som går fram under for:

- Flyging med helikopter lågare enn 300 m over bakken, og landing på og ved Nigardsbreen, Austdalsbreen, Baklibreen og Brimkjelen, i samband med NVE sine forskingsoppgåver.
- Utsetting av mellombelse og meir permanente måleinstrument.
- Nedsetjing av nye fastboltar.

### **Vilkår:**

- NVE skal lage ei oversikt over eksisterande målestasjonar/måleinstrument og fastboltar, planlagde nye måleinstrument og fastboltar, og dei traseane dei vil fylgje med helikopter og snøskuter. Oversikta skal vere Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i hende før NVE har dei fyrste turane i 2013.
- Motorferdsla avgrensar seg til det som er strengt naudsynt for å gjennomføre dei konsesjonspålagde forskingsoppgåvene på ein tilfredstillande måte, medrekna pårekkneleg stell og vedlikehald av materiellet. Arbeidet skal planleggjast og samordnast slik at trongen for motortransport vert minst mogleg.
- I den grad det let seg gjere, skal køyringa avgrense seg til tider og trasear der det skapar minst mogleg uro, og slik at faren for terrengskade vert minst mogleg. Ved bruk av snøskuter skal ein så langt som mogleg følgje same rute slik at synlege snøskutersport dekkjer minst mogleg areal.
- Motorferdsel så langt som rå er vert unngått i helgane (fredag ettermiddag – søndag kveld) og i fellesferien i juli.

- Dispensasjonane for motorferdsel gjeld ikkje dei store utfartsdagane i mai og juni (kring 1. mai, 17. mai, Kr. Himmelfartsdag og pinse).
- NVE skal rydde opp etter egne aktivitetar, slik at det ikkje ligg avfall, emballasje eller anna att i terrenget. Dersom målestasjonar etc. blir tekne ned, skal plassen ryddast for det som måtte vere att av restar.
- Det vert gjeve skriftleg eller munnleg melding til Statens naturoppsyn Jostedalsbreen v/Anne Rudsengen (e-post: anne.rudsengen@dirnat.no, tlf. 95963888) seinast dagen før utreise. Ved særskilte høve, som gjer at aktiviteten til NVE kan vere til skade for verneverdiane, kan Statens naturoppsyn krevje at turen blir utsett.
- Det vert gjeve skriftleg tilbakemelding til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter kvar tur.

## **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.12.2012**

### **Vedtak**

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga frå forvaltaren.

### **Saksopplysningar**

#### Dokument i saka

- Søknad frå NVE datert 14.11.2012
- Løyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane datert 11.1.2008

#### Søknaden

Søknaden frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjeld utføring av feltarbeid i samband med glasiologiske undersøkingar på Nigardsbreen, Austdalsbreen, Baklibreen, Stegholtbreen og Brimkjelen. Undersøkingane omfattar måling av massebalanse, frontposisjonsendringar, brerørsle og klimaparametrar, måling og observasjon av faren for isras, og fotografering for å kunne dokumentere eventuelle endringar i bresjøen i Brimkjelen. For å gjere undersøkingane må NVE nytte helikopter (lågflyging og landing) ved Nigardsbreen, Austdalsbreen, Baklibreen og Brimkjelen, og nytte snøskuter på Nigardsbreen og Austdalsbreen. NVE vil også plassere ut midlertidige og meir permanente måleinstrument, og sette ned fastboltar i fjell på og ved breane. Feltarbeidet skal gjerast i januar/februar (1-2 dagar), april-mai (3-6 dagar), juli/august (2-4 dagar) og i september/oktober (2-3 dagar).

NVE har hatt femårig løyve til denne aktiviteten i fleire periodar, seinast for perioden 2008-2012. Dei søker om fornying av dette løyvet for perioden 2013-2017.

NVE skriv vidare at bak søknaden ligg forståing for at all verksemd og ferdsle som er nemnt i søknaden skal gå føre seg på ein mest mogleg skånsam måte.

Søknaden omfattar også aktivitet i Nigardsbreen naturreservat. Den delen av søknaden blir behandla av Luster kommune.

### Lovgrunnlag

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, m.a. sprenging og boring, og det er forbode å bryte laus stein og mineralar (verneforskrifta § IV, pkt. 1.1.). Motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy er forbode, og det same er lågtflyging mindre enn 300 m over bakken (verneforskrifta § IV, pkt. 4.1). Den delen av søknaden som omhandlar plassering av måleinstrument og nedsetting av fastboltar i fjell må handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar § VI i verneforskrifta.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle i samband med vitenskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon (verneforskrifta § IV, pkt. 4.3). Etter naturmangfaldlova § 48, fyrste avsnitt, kan forvaltningsstyresmakta gje dispensasjon frå verneforskrifta dersom tiltaket «ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig».

### Søknaden blir vurdert etter

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark

### **Vurdering**

NVE sine undersøkingar gjeld for ein stor del konsesjonspålagde undersøkingar. Målingane har stor vitenskapleg interesse, m.a. i internasjonal klimasamanheng. Rundt Jostedalsbreen er det mange brearmar, som inntil nokre år etter tusenårskiftet var av dei få i verda som gjekk fram. Dei siste åra har fleire av brearmene gått sterkt tilbake. Målingane på og framfor brearmene har i verdssamanheng ei lang historie, på Nigardsbreen frå 1962. Forvaltningsstyresmakta har også nytte av resultatane frå NVE sine undersøkingar.

NVE har på visse vilkår i fleire omgangar hatt eit femårig løyve til motorferdsel i nasjonalparken. Fylkesmannen, som tidlegare forvaltningsstyresmakt, har vore godt nøgd med samarbeidet og måten løyvet har blitt følgt opp, m.a. ved at kunnskap med bakgrunn i NVE sine undersøkingar som er relevante for forvaltninga, vert stilt til rådvelde for forvaltningsstyresmakta. Forskingsarbeidet til NVE er også vurdert som viktig i forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påvirke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Kunnskapen om naturmangfaldet er henta frå forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark og miljøstatus.no (artar på raudlista, prioriterte artar, viktige naturtypar, utvalde naturtypar og villreinområde).

Områda består av bre, og område nære bre med lite vegetasjon. Den raudlista arten jerv er registrert i området, men er nok berre eit streifdyr i Jostedalen. Austdalsbreen er

del av leveområdet til villreinen i Ottadalen villreinområde, og eit viktig trekkområde passerer over Austdalsbreen.

Tiltaka vil isolert sett ha liten effekt på natur- og kulturlandskapet. Den motoriserte ferdsla kan påverke villreinen i området, men nasjonalparkforvaltaren meiner det kan setjast vilkår for eit eventuelt løyve som reduserer den negative påverknaden. Det går ikkje fram av søknaden kor stort omfanget av nedsetjing av fastboltar og plassering av måleinstrument er. Nasjonalparkforvaltaren kjenner til at NVE har ein fast stasjon ved Steinmannen. For at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og nasjonalparkforvaltaren skal få innsikt i aktiviteten til NVE er det ynskjeleg at det blir sett vilkår om at NVE skal utarbeide ei oversikt over målestasjonar/måleinstrument, fastboltar og traseane dei vil fylgje med helikopter og snøskuter.

Nasjonalparkforvaltaren legg vidare til grunn at tiltaka i liten grad vil påverke trua, nær trua eller verdifullt naturmangfald som er omfatta av verneføremålet, og at kunnskapen som ligg til grunn for behandling av søknaden er i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8.

Av omsyn til villreinen meiner nasjonalparkforvaltaren at det bør setjast vilkår om at aktivitet på Austdalsbreen kan utsetjast til eit seinare tidspunkt dersom det er kjent at det er villrein i området som kan bli uroa av aktiviteten til NVE, jamfør naturmangfaldlova § 12. NVE bør difor varsle Statens naturoppsyn Jostedalsbreen v/Anne Rudsengen seinast dagen før. Dersom ho kjenner til at det er villrein i området, bør ho kunne påleggje NVE å utsetje turen til villreinen ikkje lenger er i området. Dersom det skal setjast ned nye fastboltar, bør det vere eit vilkår om at dette er avklara med nasjonalparkforvaltaren på førehand.

Sjølv om tiltaka isolert sett i liten grad vil påverke økosystemet, må kvar enkelt søknad vurderast i lys av prinsippet om samla belastning, jf. naturmangfaldlova § 10. Det er lite motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, og i denne delen av nasjonalparken er det normalt ingen andre aktørar som har behov for motorisert ferdsel enn NVE. Tilsvarande er det få tekniske installasjonar i nasjonalparken, og slike installasjonar som NVE har er det ingen andre av. Nasjonalparkforvaltaren er ikkje kjend med konkrete framtidige tiltak som kan påverke samla belastning. Nasjonalparkforvaltaren meiner difor at samla belastning av tiltaket, eksisterande tiltak og moglege framtidige tiltak er akseptabel. Etter nasjonalparkforvaltaren sin oppfatning ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var-prinsippet får difor liten vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9.

Av omsyn til folk som ferdist i området, bør det setjast vilkår om at den motoriserte ferdselen skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. NVE bør unngå motorisert ferdsel i helgene, og det bør ikkje gis dispensasjon til motorisert ferdsel i dei store utfartsdagane i mai og juni (kring 1. mai, 17. mai, Kr. Himmelfartsdag og pinse).

Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet, og vilkåret i fyrste avsnitt i naturmangfaldlova § 48 er difor oppfylt.

Det er søkt om eit femårig løyve for perioden 2013-2017. Sidan nasjonalparkstyret skal veljast på nytt etter kommunevalet i 2015, er det naturleg at det berre blir gitt løyve til og med 2015.

## ST 42/12 Bruk av resten av tiltaksmidlane

Tiltaksmidlar			
Prosjekt		Tildelt	Brukt
Gjerde Briksdalsbreen		8000	8000
Klopplegging Bergset		5000	5000
Utsiktsrydding Bøyabreen		20000	20000
Laurdagsturen NPS		25000	25000
Breturkart		10000	10000
Bruprojekt Sunndalen		20000	20000
Bru Oldeskaret		42000	42000
Tilleggsøyving prosjekt ferdselsvegar		40000	39600
Helikopterhiv Veitastrond			10156
Kunstprosjekt			5000
<b>SUM:</b>		<b>170000</b>	<b>184756</b>
Framlegg bruk rest:			
	Bru ved Sandalsstøylen		7622
	Stiltiltak Nesdalen		7622
	<b>SUM:</b>		<b>200000</b>

### Vedlegg:

- Søknad frå Nesdalen grunneigarlag
- Søknad frå Jostein Bergheim

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.12.2012**

Einar Målsnes erklærde seg ugild, og deltok ikkje i handsaminga av denne saka.

#### **Vedtak**

Resten av tiltaksmidlane blei fordelt med 7622,- til reparasjon av brua ved Sandalsstøylen og 7622,- til rydding av stien i Nesdalen, i tråd med innstillinga frå forvaltaren. Samrøystes vedteke.

## **ST 43/12 Møteplan for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2013**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.12.2012**

#### **Vedtak**

Det blir lagt opp til fire møte i 2013, fordelt slik:

- midten av mars
- midten av mai
- august
- desember (bestillingsdialogmøte)

Møta blir lagt til fredagar når det er mogleg. Møta blir fordelt på dei tre nasjonalparksentera, og det blir lagt opp til synfaring i samband med møtet i august.

Samrøystes vedteke.

## **ST 44/12 Årsplan for nasjonalparkforvaltaren**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.12.2012**

#### **Vedtak**

Nasjonalparkforvaltaren held fram med, og fylgjer opp, prosjekta frå 2012. Av nye oppgåver syt han for at prosjekt som kjem ut av tildelinga etter bestillingsdialogen blir sett i verk. Vidare vil han starte med revidering av forvaltningsplanen, men offisiell oppstart av revideringa blir ikkje gjort før Maria er tilbake i jobben, slik at ho tek seg av opne møte i samband med oppstarten.

Samrøystes vedteke.

## **ST 45/12 Bestillingsdialog 2013**

### Vedlegg:

- Dokument frå bestillingsdialogen 2012
- Notat – bestillingsdialogen for 2013
- Notat – opplegg for bestillingsdialogmøte mellom nasjonalparkstyret og SNO
- Grunnlag for prioritering i 2013:
  - Årsrapport SNO
  - Rapport restaurering av gamle ferdselsvegar
  - Innspel om sti- og bruprosjekt i Bakkedalen i Jostedalen

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.12.2012**

#### **Vedtak**

Ulike tiltak og arbeidsoppgåver blei diskutert. Nasjonalparkforvaltaren og Anne Rudsengen fyller ut skjema A, B og C på grunnlag av diskusjonen, og sender skjema (med detaljerte skildringar for dei tiltaka som ikkje frå før er skildra i andre dokument) til styret for gjennomlesing og godkjenning før dei blir sendt til Direktoratet for naturforvaltning.

Samrøystes vedteke.